



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4489 - 15/9176

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.04.2015

Ferdigattest - bustadog garasje m.m. gbnr 98/13

Administrativt vedtak. Saknr: 142/15

Tiltakshavar: Jeanette og Kristian Andås
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.12.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 14.04.2015.

Skildring

Adresse:	Gaulen 82
Bygningstiltak:	Bustad, garasje og avlaupsanlegg
Bygningsnummer:	300454761
Bruksareal:	207 m2 + 74 m2 garasje
Avlaup:	Privat avlaup - minireinseanlegg
Vatn:	Privat vassforsyning - borehol
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad, garasje og avlaupsanlegg på gbnr 98/13.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4489

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kristian og Jeanette Andås NGIR Teknisk drift	Lonerenen 63 E her	5918	FREKHAUG
---	-----------------------	------	----------

Mottakarar:

Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
-------------------	---------------	------	--------